



God haust!



Utgjeve av Sogndal kyrkjelege fellesråd

Redaktør: Hallgeir Øgaard Westli

Besøksadresse:
Stedjetunet, 2. etasje
Kyrkjevegen 6
6856 Sogndal

Bladpengar, gjerne kr. 400, kan betalast til Sogndal kyrkjelydsblad sin konto 3705.19.42087.
Merk: «Bladpengar»

Postadresse:
Sogndal kyrkjelydsblad,
Postboks 180, 6851 Sogndal

Telefon kyrkjekontoret:
57 67 99 85
e-post: post.sogndal@kyrkja.no

Heimeside:
www.sogndal.kyrkja.no

Grafisk:
printfarm.no

Kyrkjelydsbladet blir sendt til heimane i alle sokn i Sogndal kommune. Det er også mogleg å tinga bladet for dei som bur utanfor sokna bladet vert distribuert til.

Neste nummer av kyrkjelydsbladet kjem ut i starten av desember. Stoff kan sendast til post.sogndal@kyrkja.no innan 1. november.

Foto på framsida:

Stort bilete: Søndag 4. august vart Astrid Bondevik vigsla til sokneprest for Stedje og Fjærland sokn. Foto: Jostein Risa

Lite bilete venstre: Ein liten stopp på vegen inn til Veitastrond på kyrkjelydsturen. Foto: Sigmar Åberge

Lite bilete høgre: Flott utsikt til Jostedalsbreen frå Tungestølen. Foto: Sigmar Åberge

Runar Matsui-Li er ny sokneprest i Balestrand

Frå 1. september 2024 har Runar Matsui-Li teke over sokneprestansvaret i Balestrand etter Kjetil Netland som måtte avslutte tenesta si på grunn av helse.

Runar Matsui-Li er busett på Kyrkjebø i Høyanger kommune og har frå før ei 50 prosent stilling som sokneprest i Hyllestad i Sunnfjord prosti. I tillegg har han hatt ei halv stilling som prostiprest i Sunnfjord og det er denne delen av stillinga som no vert «leigd ut» til Sogn prosti og sokneprest-teneste i Balestrand. Dette er i første omgang ei prøveordning gjennom skuleåret 2024/2025. Som sokneprest har han sete i Balestrand sokneråd og har ansvar for gudstenester, gravferder og vigslar i soknet. Han vil også ha månadlege andaktar på Balestrand helsetun.

Ei halv stilling er ikkje nok til å dekke alle tenestene i Balestrand og difor kjem Rasmus Bolstad Rustad, prostiprest i Sogn prosti og fengselsprest i Vik, til å ha



Prosti- og fengselsprest Rasmus Rustad (til venstre) har ansvar for konfirmant-undervisninga i Balestrand dette skuleåret. Konfirmantane i Balestrand vart presenterte i kyrkjelyden ved gudstenesta i Tjugum kyrkje 25. august. Sokneprest Runar Matsui-Li (til høgre) deltok også i gudstenesta. (Foto: Jostein Risa)



Runar Matsui-Li (Foto: Privat)

konfirmant-undervisninga og også ein del av gudstenestene i Balestrand, vanlegvis ei gudsteneste i månaden.

Runar har tidlegare vore sokneprest i Høyanger og har jamleg vore i Balestrand som vikar, men hadde si første gudsteneste som sokneprest i Sæle kyrkje 1. september. Han vart formelt innsett som sokneprest i Balestrand i hausttakkegudstenesta i Tjugum den 22. september, der også prost Kjell Olav H. Norheim deltok.

Med 11 mil mellom kyrkjekontora vert det ein del reiseverksemd og i vekene har Runar torsdagen som sin Balestrands-dag. Han inviterer til å ta kontakt for avtale: Kontaktinformasjon: mobil: 488 90 086, e-post: RM677@kyrkja.no

HAR DU STOFF OG BILETE TIL KYRKJELYDSBLADET?

Sjå nettsidene våre, www.sogndal.kyrkja.no/kyrkjelydsblad for korleis du kan sende stoff til oss. Der ligg kalender med dei neste fire stofffristane.

For 2024 er det ei utgåve til:

Jul – Frist: 1. november

Høgt og lågt

Då Jesus fortalde likninga om farisearen og tollaren den første gongen, så var den ikkje retta mot alle som høyrde på. Nei, han fortalde den til nokon «som stolte på at dei sjølv var rettferdige, og såg ned på alle andre», skriv Lukas. Dei fleste vil vera samde om at det er bra å ha sjølvtrillit. Likeeins det å kunna vita med seg sjølv kva ein står for – det er også eit gode. Så kva var problemet? Det kjem til syne i andre delen av setninga: «...såg ned på alle andre.» Eg trur me alle veit korleis sjølvtrillit kan bikka over i overlegenheit; korleis det er å vera i lag med nokon som gjer seg for store tankar om seg sjølv.

Men no er det nok ikkje slik at det at vi har for store tankar om oss sjølv er det store problemet for mange av oss – og det er vel nettopp derfor me får vita at Jesus ikkje fortel denne fortellinga til alle, men til nokon som trudde at dei var gode nok til å ha med Gud å gjera, og samstundes såg ned på alle andre. Til dei fortel Jesus:

«To menn gjekk opp til tempelet for å be. Den eine var farisear og den andre tollar. Farisearen stilte seg opp for seg sjølv og bad slik: 'Eg takkar deg, Gud, fordi eg ikkje er som andre menneske, dei som svindlar, gjer urett og bryt

ekteskapet, eller som den tollaren der. Eg fastar to gonger i veka og gjev tiend av alt eg tener.' Tollaren stod langt unna; han ville ikkje ein-gong lyfta auga mot himmelen, men slo seg for bringa og sa: 'Gud, ver meg syndar nådig!'.

Eg seier dykk: Tollaren gjekk heim rettferdig for Gud, den andre ikkje. For kvar den som set seg sjølv høgt, skal setjast lågt, og den som set seg sjølv lågt, skal setjast høgt.» (Luk 18, 9-14)

Dette handlar ikkje om at Gud vil me skal forakta oss sjølv, eller sjå ned på oss sjølv. Nei, for meg vert denne likninga forklara av ei anna likning som Jesus fortel, den om «Sonen som kom heim». Du finn likninga i kapittel 15 i Lukasevangeliet. Tollaren si bøn – «Gud, ver meg syndar nådig!» – den minner meg om det som sonen ville seie, han som på det lågaste punktet i livet sitt gjekk i seg sjølv og på den måten kom til seg sjølv. Det vart starten på vegen heimatt til faren som han hadde svikta så djupt: «Eg har synda mot himmelen og mot deg. Eg er ikkje verd å kallast son din lengre. Men lat meg få vera som ein av leigekarane dine».

Kanskje er dette det viktigaste i forteljinga om den Sonen som

kom heim: Han kom til seg sjølv. Der er vendepunktet i forteljinga, og føresetnaden for framhaldet: Han innser sin situasjon, skjønar kor han høyrer til, og at hans einaste moglegheit er å ta sjansen på å bli møtt med tilgjeving, nåde, fred og kjærleik. Og akkurat det får han oppleve når faren tek imot han! Jesus fortel at det same skjedde for tollaren sin del, han som bad «Gud, ver meg syndar nådig». Han gjekk heim, rettferdig for Gud. Det vil seie – han kunne vera trygg på at ikkje noko kunna skilja han frå å høyra saman med Gud.

Me tenker vel ofte at høgt og lågt er motsetnader. Men Jesus teiknar ein samheng mellom høgt og lågt, og snur opp-ned på det me trudde me visste. Samhengane er ikkje slik me lett trur det er. Heller ikkje mellom det å «ha noko å visa til» i livet sitt, og det å ikkje ha det. Jesu likning viser oss at den som ikkje har noko å skryta av overfor Gud, er nettopp den som har plass i livet sitt til å ta imot gáva frå Gud – å få høyra til hjå han, og å verta møtt med tilgjeving, nåde, fred og kjærleik. Lat oss derfor be Heilaganden om hjelp til å koma til oss sjølv.

Kjell Olav Høstaker Nordheim


Prost

Nytt frå fellesrådet

Gravfelta rundt Tjugum kyrkje i Balestrand er framleis stengde for kistegravlegging

Balestrand kyrkjelege fellesråd gjorde i 1993 eit vedtak som gjaldt "freding" dvs. stenging av to gamle felt på Tjugum kyrkjegard i 30 år frå og med 1994 til og med 2023. Tanken var at i laupet av denne 30-årsperioden skulle problemet med høg grunnvassstand løysast ved å fylla på jordmassar og "heve" gravplassen. Prosjektet inneber også å

flytte alle gravminne medan arbeidet pågår (vil skje ein haust) og så setje opp att alle gravminna på same stad - med mindre justeringar til nytt rutenett etter omregulering. Behovet for oppfylling og omregulering av desse areala på gravplassen var jamleg formidla til tidlegare Balestrand kommune og etter kommunesamanslåinga i 2020 også til Sogndal kommune, men det har til no ikkje vore løyvd midlar til prosjektet. Norconsult laga i 2023 eit forprosjekt/skisseprosjekt som anslo ein kostnad på godt over 2 millionar kroner.




Sogndal kyrkjelege fellesråd er gravplassmyndigheit i Sogndal kommune og gjorde 19. juni 2024 dette vedtaket: «Gravfelta G og I på Tjugum kyrkjegard i Balestrand har vore stengt for kistegravleggingar frå 1994-2024 på grunn av grunntilhøva, hovudsakleg krava i noverande gravplassforskrift § 8 om grunnvatn. Sidan den påtenkte oppfyllinga av gravfelta før 2024 ikkje er finansert eller gjennomført enno, forlengar Sogndal kyrkjelege fellesråd stenginga av gravfeltfelta G og I for ein tidsperiode på 2-5 år med same grunngeving. Planen er å få til ei oppfylling av felta i tråd med skisseprosjekt frå Norconsult innan denne tidsperioden og dialogen med Sogndal kommune om finansiering av oppfyllinga held fram.»

Vi vonar dei som festar graver på desse gravfelta har forståing for situasjonen og minner om at det er opna for å setje ned **urner** på festa graver på gravfelta som er stengde for kister.

Ekstraløyving frå Sogndal kommune

I sommarnummeret av kyrkjelydsbladet stod det om meirforbruket i fellesrådet sin driftsrekneskap for 2023 på kr. 687.000 som for ein



Eit snitt som viser korleis ca 40 cm heving av terrenget på gravfelta rundt Tjugum kyrkje er tenkt. Dette vil føre til at ein ikkje kjem ned på grunnvassnivået ved graving av nye graver, noko som tidlegare har gjeve store problem ved graving av graver. Det er gravfelta I og G som er stengde, ikkje felt H. (Illustrasjon frå Norconsult sitt skisseprosjekt).

stor del skuldast ein auke i pensjonskostnadene. Etter at fellesrådet hadde brukt alle tilgjengelege driftsfond til å dekke inn meirforbruket (303.000), vart det også sendt søknad til Sogndal kommune om eit eingongstilskot på 350.000 kr. Vi er no glade for å melde at Sogndal kommune løyvde eit slik tilskot i juni, noko som gjer det mogeleg for fellesrådet å dekke inn meirforbruket innan fristen på to år. Dette i lag med andre grep som fellesrådet har gjort, har bidrege til at den økonomiske situasjonen ser betre ut og det vart mogeleg å gå gjennomført noko naudsynt vedlikehaldsarbeid.

Arbeid på Ølmheim kyrkje

Ølmheim kyrkje er diverre svært målingssliten og det er i tillegg påvist ein del råte der materialar må skiftast ut. Måling av kyrkja stod i økonomiplanen til fellesrådet for 2024, men på grunn av meirforbruket i 2023 var det ikkje att fondsmidlar som var tenkt brukt til dette og arbeidet måtte forskyvast til 2025. Det er no likevel funne rom for å starte arbeidet med utskifting av råteskadde delar og dette vart starta på slutten av august. Det var viktig å få gjort dette i år slik at det er klart til måling av heile kyrkja neste år. Vindaugo i kyrkja

treng også vedlikehald og det er bestilt ein tilstandsrapport på desse.

Kaupanger: Stavkyrkje, gravplassbygg og kyrkjestove

Som meldt i sommarnummeret, nr 2-2024 er Kaupanger stavkyrkje stengd resten av 2024 og ut over våren 2025 i samband med bygging av nytt gravplassbygg og ny kyrkjestove. Kyrkjelege gravferdsseremoniar knytt til Kaupanger vert halde i ei av dei andre kyrkjene, som regel Stedje kyrkje. Gudstenestene vil denne perioden verte feira i ulike lokale på Kaupanger, sjå gudstenesteplanen bak i bladet.

Tjørebreiing av Kaupanger kyrkje er avhengig av god tørk både før og under. Jobben har stått på vent i fleire år i påvente av ein periode med lageleg vær, kombinert med ledig kapasitet hjå målarmeister Meusburger som har teke på seg oppdraget. Vi vil setje mykje inn på å få gjennomført dette arbeidet i haust – etter lauvfall og før snøfall – som var tida for tjørebreiing i tidlegare tider.

Jostein Risa
Fungerande kyrkjevevjer



Det gamle kyrkjegardsbygget på Kaupanger er no riven, og arbeidet med ny kyrkjestove er i gang. Foto: Hallgeir Øgaard Westli



Mange var involverte i vigslingsgudstenesta 4. august.

-Eg er nok fødd med eit lyst sinn!

Ho har vore presten vår ei stund allereie, men 4. august vart Astrid Bondevik prest «på orntle'». Då vart ho vigsla til prest og gjekk frå å vere Prest Under Utdanning (PUU) til å vere Sokneprest i Stedje og Fjærland.

Astrid er ei blid og positiv dame. Ho har lett for å le og smile, og blir fort begeistra.

- Eg er glad i humor, og er stort sett i godt humør. Og så blir eg grådig «gilde ao» gode estetiske opplevingar.

Astrid har studert kunstterapi, og veit å setje pris på det som er fint å sjå på. Å sjå optimistisk på tilværet er noko ho kjenner har vore med henne heile livet.

- Eg er nok fødd med eit lyst sinn, konkluderer ho.

Men ho kan bli både sint, frustrert og lei seg også:

- Jo, eg kan bli lei meg når eg opplever at folk er stygge med kvarandre. Det har eg mislikt voldsomt i lærarjobbane eg har hatt òg. Men det varar som regel ikkje lenge. Eg har ikkje tålmod til å vera langsint.

Og det kan nok hende at det er nettopp tålmodet som blir sett på prøve når Astrid ein sjeldan gang blir irritert:

- Eg likar ikkje så godt viss eg

opplever at møter blir for lange eller ineffektive.

Korleis vore å gå frå PUU til sokneprest?

- Då eg var i PUU-stillinga så var eg også student, og det er eg ikkje no lenger. Så det er godt å kunne bruke ettermiddag og kveldar på anna enn lesing og oppgåveskriving. Også er det mykje meir interessant, no får eg fleire oppgåver og eg kan sjølv i større grad vere med å styre

innhaldet i arbeidsoppgåvene. Det er også godt å kunne bruke all arbeidstid på det å vere prest, komme meir inn i datasystem og bli ein fast del at det gode kollegafellesskapet på kyrkje-kontoret.

Kva likar du å gjere på fritida?

- Eg går ein del tur, både på fjellet og langs vegane. Me har hund, så det vert ein del turar i løpet av veka. Elles brukar eg ein del tid på qigong – eller yoqi – ein kombinasjon av qigong og yoga. Det er ei treningsform eg er vorten svært glad i, ja nesten avhengig av, må eg kanskje innrømme. Det gir god energi, god bevegelse og godt humør. Eg er glad i å lese alt frå skjønnlitteratur og poesi til bøker om det kristne livet og teologi til alternativ medisin – så på nattbordet har eg mange ulike bøker som ikkje er ferdig lest. Eg skulle gjerne hatt meir tid til å sy og brodere, men det vert kanskje tid til det etterkvart? Også har eg planar å begynne att i gospelkoret som eg tok pause frå medan eg var student.

«Stille kveld»

Astrid har, saman med broren Stein, vore «primus motor» i det månadlege tilbodet i Stedje kyrkje som heiter «Stille kveld». - Det har betydd, og betyr mykje. Det å vere i stillheit i kyrkje-rommet, vere i salmane, både i musikken og i tekstane og i gamle tidebøner det kjenner eg at hjarta kan opna seg slik at eg lettare kan erfare Guds nærvær. Det var på Stille kveld eg første gong lyste velsigninga og opplevde det som noko av det mest meningsfulle eg har gjort. Så det var nok der den første spiren til å bli prest dukka opp.

Korleis vil kyrkjelydane i Stedje og Fjærland merke at du er presten deira?

- Eg håpar dei vil merke at eg vil

dei vel, at eg opplever det meningsfullt å vere presten deira, og at eg har lyst å gi dei innsikt i kva det kan bety å tru på Gud og Jesus.

Viss du skal plukke ut ein person i Bibelen som du identifiserer deg mest med, kven er det?

- Eg trur eg må svare Maria som sette seg ned ved Jesu føter, medan søster hennar Marta hadde det travelt med å lage mat til alle menneska som var komen saman med Jesus. Eg har ei lengt i meg etter å setje meg ned ved Jesu føter, og av og til visualiserer eg at eg gjer det – og det gjer meg godt. Eg har noko erfaring med meditasjon, men det er ingenting som opnar hjarta mitt slik som denne førestillinga.

Me må jo spørje litt om det viktigaste av det uviktige og: Kva er ditt favorittlag i Premier League?

- Liverpool, ikkje fordi eg er interessert, men fordi eks-mannen min og dei tre ungane våre er ivrige Liverpool-supportarar.

Og kor ofte er du på kamp på Fosshaugane?

- Eg hugsar ikkje sist eg var på fotballkamp på Fosshaugane, men det var kanskje i 1976? Eg hugsar i alle fall ein kamp

mellom Sogndal og Start der dei som sto attmed meg ropte då Stein Thunberg frå Start var på veg mot mål: «Thunberg er dårleg, Thunberg er dårleg» - som du forstår så gjorde det inntrykk! Eg må innrømme at eg ikkje er så interessert i fotball, men eg har konkurranseinstinkt, så eg har potensialet i meg til å bli ein ivrig supportar.

Korleis opplevde du vigslinga 4. august?

- Det vart ein fantastisk flott dag! Folk var så positive, og det var stort å få oppleve så mange flotte ressursar på mange område i sving. Tekstlesingane, songen, musikken, det praktiske som vart lagt til rette, alle godorda... ja, det var ein skikkeleg stor dag!

Kva var det viktigaste du tek med deg av det biskop Ragnhild sa til deg?

- Det var nok det ansvaret for kyrkjelydane ho på ein god og mild måta la på meg. Det var både fint og alvorleg å kjenne på det, og samstundes ei god anerkjenning av at eg skal få stå i den tenesta med meg sjølv, slik eg er.

Vegard Bondevik Lie

Tekst

Jostein Risa

Foto



Etter gudstenesta var det kyrkjekaffi på Stedjetunet. Salen og foajeen var fullsett.

Hyggeleg kyrkjelydstur til Veitastrond 2. august

Turleiar: Marta Fimreite Guide: Aud Marit Kvam Hilleren

Førtisju frammøtte i god tid
til avreise frå Buss-stasjon klokka ni.
Somme var nok litt spente
på kva dei no hadde i vente.
Men med turleiar og guide av beste sort
var no førearbeidet grundig gjort.
Tur-komitéen ville nok òg gjera sitt
til eit kjekt program – litt etter litt.

Me fekk høyra om jettegryta, Soget og Hola,
at ikkje alt tillèt stopp, måtte me tola.
Me fekk høyra om taubana ved Ugulsvik,
om alt var Aud Marit kunnskapsrik.
Me såg over vatnet til gardar høgt oppe,
Yndesdal med gardar og utsyn flotte.
Forbi Langeneset, Stølsneset, Kvam,
fekk me sjå til bygda fram.

Komitéen hadde rundstykke og drikke teke med,
og det var tydeleg at alle sette pris på det.
Så venta kapellet med andakt og sang.
- gode ord og brukbar klang.
Vidare køyretur, for Tungestølen var målet,
å gå opp dit måtte me vel tåle.
Det var faktisk ordna med bilskyss opp
viss føtene til nokon sa «litt stopp».

Betasuppe, dessert og kaffi smaka!
Me kunne òg få kjøpa kaka.
På turen heimover måtte lommeboka opp,
kjøp av geitost, flatbrød, lefse – heilt topp!
Gratislodd på heimturen høyrde også med,
mange vinstar hadde komitéen teke med.

Vel heime i Sogndal hadde klokka passert fem.
Her vanka det gjerne adjø med klem.
Deltakarane takka og takka for turen,
men var truleg klare for «middagsluren».
Kjekt med tur med fornøgde folk!
- denne gongen utan behov for tolk.

Dette har blitt ein fin tradisjon.
Vel møtt neste år på Buss-stasjon!

Sigmar Åberge
Foto

Ester Nordheim
Tekst





Kyrkjelydstur til sørsida av Sognefjorden

Sundag 4. august møttest kyrkjelyden i Balestrand til sommargudsteneste på Sørebø i Bjordal. Før det vitja me rosehagen på Osland, og siste stopp var den vesle stavkyrkja i Ortnevik. Opptakten til turen kom frå Hallbjørg Eidhamar og Lisa Grinde, og det var femten deltakarar på turen.

På Osland har Håkon Osland arbeidd fram ein imponerende rosehage med meir enn 600 rose-tre. Desse var på det finaste tidleg på sommaren, no var det petunia og begonia som sto i fokus.

Næringslivet på sørsida er framoverlent. Rett nedanfor rosehagen har Osland Havbruk eit større anlegg og frå tunet på Sørebø ser me bygningane både til Østerbø Maskin og eit stort anlegg for klekking av smolt.

Då me svinga inn på tunet på Sørebø, vart me tekne imot av Sissel og Geir Sørebø. I dei to stovene i det staselege hovudhuset fekk alle plass rundt borda. Turen var organisert som ein «korgatur», og då maten vart sett fram, var det meir enn nok til alle.

Etter matøkta gjekk me til gudsteneste i gamlestova. Dette er eldste bygget på garden, kanskje meir enn 300 år gammalt. I restaurert form huser det greitt heile turfølget.

Preiketeksten denne sundagen var frå den gong Jesus gjekk langsmed kornåkrane, og læresveinane tok aks slik at dei fekk høyra: «Kvifor gjer dei slikt som ingen har lov til på sabbaten?» og Jesus sitt svar: «Sabbaten vart til for mennesket og ikkje mennesket for sabbaten». I preika siterte Geir denne setninga frå likninga om den



Frå rosehagen.



Den lafta gamlestova har fått villmarkspanel og nytt torvtak.

bortkomen sonen: «Og så tok festen og gleda til». For oss er sabbaten erstatta av sundagen der me kan festa blikket på glede, liv og fellesskap.

Åtte av reisefølget avslutta dagen med å vitja Anders og Kristi Brekke i Ortnevik. Anders har lagt for dagen ei eineståande

gjennomføringsevne og har reist si eiga vesle stavkyrkje. Det har vore gudstenester der, men dei legg vekt på at stavkyrkja kanskje først og fremst er ei overrasking for dei som leiger seg inn på ei av hyttene dei har, og andre som vitjar garden. Årleg er det rundt 1000 som er innom kyrkja.



Gudstenestelyden. I første rad til venstre Geir Sørrebø og i andre rad til venstre Sissel Sørrebø. Geir har hatt gudstenestene i Balestrand sokn siste halvår.



Det er Anders Brekke, bak til høyre, som har bygt kyrkja og fremst står Kristi Brekke. Rundt kyrkja er det òg ein skulpturpark med trefigurar og ulike installasjonar som Anders har skore ut, mange av dei med motorsag.

Det var fleire val for heimturen, og følgjet under- teikna hørde til tok ferje frå Ortnevik til Vik slik at me fekk sjå dei veglause grendene langs sørsida – ikkje langt borte, men ikkje slik at ein utan vidare kan kom dit. Ei fin avrunding av turen.

Helge Eilifsen
Tekst og foto



Håkon Osland forklarer korleis stiklingar skal takast. Legg merke til veggen med petunia i bakgrunnen.

Konfirmantar



Konfirmantar i Stedje kyrkje 11. og 12. mai. Framme frå venstre: Maria Elisabeth Nesse Heggstad, Frida Wolff Bolseth, Emilie Jensen, Marte Fauske Stedje, Eli Margrethe Losnegard Torheim, Elin Barsnes, Ella Reppen Hålien, Emilie Årøy, Ingrid Sanden, Ina Ynnesdal Flåten, Mia Vikøren Hodlekve, Lilja Ugulen-Resaland, Ingrid Brenne, Elida Falck Husum, Ingrid Revheim Ramstad, Sanne Holum Gjørven. **2. rekke frå venstre:** Malin Øren, Alva Pettersen, Luna Victoria Flo, Mikael Pérez-Hellevang, Henrik Holm, Gustav Svedal Hatle, Tage Sørheim Årman, Alvilde Tonheim Hågvær, Sofie Hole Sæterbakken, Silje Nyvoll Aadland, Amalie Flugheim, Helle Marlene Jensen Dyrdal, Emilie Øvretun, Julie Vadseth. **3. rekke frå venstre:** Andreas Eikevik Danbolt, ungdomsprest, Vebjørn Gulbrandsen Langeteig, Brage Feidje Rørvik, Bjørnar Gjerde Hofslundsengen, Gaute Heggstad, Sander Røysum, Arne Flatane, Eskil Barsnes, Sander Lomheim, Mads Nilsen, Torjan Vindedal Espe, Olaus Skartun. **Øverst frå venstre:** Adrian Øyri Kørre, Ulrik Brekke Hatlevoll, Ulrik Svensøy, Sverre Stavø, Emil Lunde Hillestad, Sigve Årdal Ølmheim, David Kongelf, Sondre Solstad Herfindal, Jon Liheim, Kristoffer Svori Moe, Thomas Hollekve Hagen, Anita Instefjord, konfirmantleiar. Selemawi Tsegay Alem var ikkje tilstades då biletet vart teke. Foto: Ørjan Talle



Konfirmantar i Kaupanger stavkyrkje 9. mai.

Øverst frå venstre: Gitte Therkelsen Torstad, diakon, Therese Sognnes Austheim, Johan Stormyr Lund, Kevin Neraas Teigen, Håvard Fosse Hjelmeland, Johan Hope Skjerven, Tage Loftesnes, Leo Berkvam Osen, Sofie Kaldestad, Andreas Eikevik Danbolt, ungdomsprest.

Nederst frå venstre: Tuva Veum, Anine Dahl-Tørnes, Kari Sofie Håland Hofsvik, Amanda Amalie Lind, Emili Osen Låksrud

Foto: Sivelin Kjølstad

Konfirmantar



Konfirmantar i Leikanger kyrkje 18. og 19. mai. **Nederst frå venstre:** Sigrid Brudvik Sunde, Malin Hagheim Barsnes, Emily Fredheim Espe, Sandra Slinde Thorsnes, Oline Skau Åset, Hanna Instefjord Brekken. **Andre rekke frå venstre:** Anna Felde Hasund, Evy Mathilde Fossberg, Lilly Madelen Fossberg, Amalie Buene Halveg, Pernille Svensøy-Berge, Julie Kraus, Frida Fykse Lomås. **Tredje rekke frå venstre:** Håkon Yri, Martin Onsanthia Solbjør, Sander Holen, Johan Gjerløw, Axel Frimanslund Vikesland, Jens Nerland Palne, Bjørnar Aaland Eggum, Vegard Bondevik Lie, sokneprest. **Fjerde rekke frå venstre:** Birte Husum, trusopplærar, Markus Bukholm Solbakken, Isak Borlaug Hauge, Heine Njøs Verlo, Viljar Nesse Takle, Anders Brennset Gjerland, Theo Nord Melås. Vilde Tufte Mardal var ikkje tilstades då biletet vart teke.

Foto: Ørjan Talle

Konfirmantar i Balestrand sokn 9. mai.

Framme frå venstre:

Ester Louise Nilsson, Elim Yonas, Amalie Kleppe Holgersen, Kaja Emeli Ohma, vikarprest Geir Sørebo.

Bak frå venstre:

Oliver Af Geijerstam Fardal, Nojus Karikovas, Eyuel Fisseha Weldeyohannes, Benjamin-Alexander Kerschbaumer, Trym Sellereite Målsnes. Konfirmanlærar Magni Åm Risa var ikkje til stades då biletet vart teke.

Foto: Jostein Risa



Konfirmantar



Konfirmantar i Ølmheim kyrkje 5. mai. Øverst frå venstre: Vegard Bondevik Lie (sokneprest), Oddgeir Bondevik Nornes, Lukas Nornes, Anita Instefjord (konfirmantleiar) I midten frå venstre: Marielle Vikør Slinde Ahlin, Andre Venes, Live Barsnes Lærum. Nederst frå venstre: Elisabeth Åsarmoen, Marius Slinde Solberg, Julianne Slinde. Foto: Cristina Sandor



Konfirmantar i Fjærland kyrkje 19. mai
Frå venstre: Eskil Tufte, ungdomsprest
Andreas Eikevik Danbolt, Erlend Mundal Skjelten.
Foto: Anne Mundal Skjelten



50-års konfirmantar 9. juni 2024. Frå venstre: Vidar Fylling, Hjalmar England, Ingar Hillestad, Herdis Grethe Gurvin, Per Idar Rygg, Inger Slinde, Irene Navarsete, Ingolf Fardal, Reidun Holen, Åse Flugeim, Irene Stegen, Turid Karin Kvåle, Aud Hauge, Gøril Flatjord, Nils Espesete, Oskar Orrestad, Bodil Reppen, Kurt Lerum, Madel Ylvisåker, Aud Lemvik og Per Hilleren
Foto: Hilleren Foto



BARNAS

Fargelegg!



Gje barnebladet
Barnas til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller **22 08 71 00**



Teikning:
Monica Bauleo

Vitsar

Kvifor har
kua bjøller?
Horna funkar
ikkje.

Ein dame stod
ved fotgjengar-
feltet og venta.
– No har det vore
grøn mann fem
gongar. Når blir det
grøn dame?

Finn fem feil!


Her hjelper den miskunnsame samaritanen
mannen som blei overfalt. Dei to bileta er nesten
like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?

Teikning: Monica Bauleo



Prikk til prikk

Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare!
Kva skjuler seg her?



«MØTEST GJENNOM SONG» I STEDJE KYRKJE

Laurdag 2. november kl. 16.00 vert det kor-konsert i Stedje kyrkje – «Møtest gjennom song». Fleire kor med til saman om lag 100 songarar deltek i denne flotte konserten.

Billettar kostar kr. 200,- og vert kjøpt i døra. Studentar og barn under 15 år går gratis. Arr: Gospelkoret Glimt i samarbeid med Kaupanger bygdakor og Kyrkja i Sogndal

FØRJULS-SONGKAFÉ PÅ STEDJETUNET

Søndag 17. november kl. 17-19 inviterer Gospelkoret Glimt til førjuls-songkafé på Stedjetunet. Det blir mykje fin musikk, høve til å kjøpe seg noko å bite i og basar.

«VINTERTONAR MOT JUL» I STEDJE KYRKJE LAURDAG 30. NOVEMBER

Sogndal Songlag inviterer til førjulskonsert, "Vintertonar mot jul", i Stedje kyrkje laurdag 30. november kl. 18.00. Vel møtt!

GRATIS KONSERT MED LIV GLASER OG LOKALE TALENT 26. OKTOBER

Laurdag 26. oktober kl. 18.00 vert det gratis konsert i Stedje kyrkje med pianisten Liv Glaser, lokale musikarar og unge talent.

Liv Glaser har vore førsteamanuensis og professor i klaver ved Norges Musikkhøgskule sidan 1973, og spelte inn Grieg sine lyriske stykker på 1960-talet.

Konserten er gratis, men det vert høve til å gje ei kollektgåve som går til dekning av utgifter til konserten, og nedbetaling av flygelet i Stedje kyrkje.

Arr: Sogn Kulturfest

KYRKJELYSBASAR PÅ LEIKANGER KYRKJELYDSHUS

Laurdag 9. november kl. 16 vert det kyrkjelydsbasar på Leikanger kyrkjelydshus. Vel møtt!

KVARDAGSTRU

Tre onsdagar i vår frå kl. 19.00 - 20.30 arrangerer kyrkja i Sogndal ein serie med overskrifta Kvardagstru på Stedjetunet.

I haust vil vi i Kvardagstru invitere til samarbeid mellom den ukrainsk-ortodokse og kristne kyrkja.

Kvardagstru er samlingar for møte mellom nett-opp kvardag og tru. Vi håper mange vil finne det spennande, kjekt og verdifullt å bli med.

Samlingar i haust:

- 23. oktober: Felles gudstenestefeiring
- 6. november: Ukrainsk og norsk musikk
- 4. desember: Juleførebuingar

For meir informasjon: sjå kalendaren til Stedje sokn på nettsidene våre.

STILLE KVELD I STEDJE KYRKJE

Stille kveld i Stedje kyrkje held fram hausten 2024 kvar andre onsdag i månaden. Velkommen til ein stille halvtime med musikk, bøn og høve til lystenning.

- Onsdag 9. oktober kl. 19.00
- Onsdag 13. november kl. 19.00
- Onsdag 11. desember kl. 19.00

KYRKJELYDSFEST I BALESTRAND

Kyrkja i Balestrand arrangerer Kyrkjelydsfest for alle på Bedehuset måndag 28.10.24 kl 18. Det vert betasuppe, kaffi og kaker, song ved Balestrand Songlag, allsong, leik og moro. Tale v/Geir Sørebo: «Kalla til ein heim i Guds kyrkje på jorda». Alle er hjarteleg velkomne!

MIDDAG FOR ALLE

I haust vert det «Middag for alle» på Stedjetunet måndag 14. oktober og 11. november. Det vert servering frå kl. 15.30 – 17.00 desse dagane.

Prisar:

- Born, 0-5 år: Gratis
- Born, 6-12 år: kr. 50,-
- Frå 13 år og oppover: kr. 100,- pr porsjon
- Familie (2 vaksne og born): kr. 250,-

Takk til Rema 1000 og Lerum.

Stedjetunets venner



Bilder frå sommarfesten 17. juni, som var startskotet for etablering av venneforeininga.
Foto: Magny Ugulsvik Bukholm

Stedjetunet er vårt felles hus og forsamlingslokale for kyrkjelydane og bygdene rundt Sogndal, eigd og drifta av stiftinga Stedjetunet. Huset betyr mykje for mange, og vi ynskjer å leggje til rette for at fleire kan få engasjere seg.

Ynskjer du å halde deg oppdatert om kva som skjer,



leggje ned nokre frivillige timar for Stedjetunet eller engasjere deg på anna vis, er du hjarteleg velkommen inn i venneforeininga!

Som medlem får du:

- Informasjon om aktivitetar på Stedjetunet
- Invitasjon til dugnad
- Invitasjon til årleg treff for alle i venneforeininga

- Referat frå årsmøtet i stiftinga Stedjetunet

Stedjetunet har eiga nettside, stedjetunet.no. Her finn du informasjon og ei lenkje til påmelding til venneforeininga. Eller du kan ringje eller sende melding til leiar i stiftinga, Ove Bukholm, tlf. 404 02 692.

Det er mykje som skjer i forsamlingslokalet. Korøvingar, babysong, småtrolltrall, torsdagsklubb, foreiningsmøter, kvardagstru, basarar, middags-servering, kyrkjekaffi, selskap og minnestunder.

Stiftinga Stedjetunet

Misjonstur for ungdom til Serbia i 2025

I vår fekk eg med meg ein fin gjeng i alderen 12-19 år på misjonstur til Montenegro. Dette var så meningsfylt og inspirerende at vi straks gjekk i gang med å planlegge neste tur. Denne gongen går turen til Serbia.

Lengtar du etter nye utfordringar, kjenner du kall til å reise ut og dele trua di med andre, og er du ledig i vinterferien (veke 8), så er absolutt dette noko for deg! Eller kanskje du kjenner nokon dette kan vere aktuelt for?

Underteikna vert med som reiseleiar og vaksenkontakt. Vi reiser samla frå Sogn og møter rundt 70 andre ungdommar i Novi Sad, der vi deltek i ulike arrangement i regi av Ungdom i Oppdrag, lokale kyrkje-lydar, Røde Kors, kommunen og studentorganisasjonen EUS.



Andre bidrag

Om du ikkje sjølv kan eller vil reise, må du gjerne vere med å be for ungdommane og oppdraget. Vi tek dessutan i mot økonomiske bidrag. Med reise, kost og losji kostar turen rundt 10.000,- per deltakar. For nokre er dette svært mange pengar. Dersom du ynskjer å bidra til at andre kan reise, er det mogeleg å vippse til #81907 (Fellesrådet – misjonsprosjekt – ungdom).

Er du interessert eller har spørsmål, ta kontakt snarast.

Magni Åm Risa, kyrkjelyds-
pedagog og ungdomsdiakon
Mobil: 466 97 476



Trusopplæringstiltak i Balestrand sokn hausten 2024

Babysong/småbarnstreff (0-3 år):

Velkommen til song og prat på Helsestasjonen kl 10.00-11.30, 28. oktober og 25. november. Ved interesse legg vi inn nokre ekstra samlingar på Helsetunet. Følg med på Facebook-gruppa Balestrand babysong eller ta kontakt med kyrkjelydspedagogen (466 97 476) om du er interessert eller har spørsmål.



ENGLEVERKSTAD for 7-åringar

Alle som er fødte i 2017 er velkomne til samling i Kyrkjestova (Tjugum) tysdag 26. november kl 17.30-19.00. Det blir bibelforteljing, mat og formingsaktivitet.

Vi inviterer dessutan til ei lita **advents-samling for heile familien** (hovudmålgruppe 0-5 år) i St Olafs kyrkje tysdag 10. desember kl. 17.30.



Kontakt

Har du spørsmål eller innspel til trusopplæringstiltaka i Balestrand, ta kontakt med kyrkjelydspedagog

Magni Åm Risa
466 97 476
MR368@kyrkja.no

Velkommen på Nestenåring (5.-8. klasse) til leik, undervising, mat, spel og samtale. Vi samlast på **Bedehuset kl 18-20 fredag** 25/10 og 29/11.



Alle som går på ungdomsskulen er hjarteleg velkomne på **Samtalegruppe** annakvar onsdag kl. **19.45-21.15** heime hos familien Risa i Fjærestad 42. Vi et saman, pratar om liv og tru, utforskar Bibelen, spelar spel og blir betre kjende med Gud og kvarandre.



UNGDOMSSAMLINGAR

Ung Messe i møtesalen på Sygna kl 20 torsdag 21.11. Velkomen til ei flott samling av, med og for ungdom.

Ungdomskveld på Bedehuset

for elevar på ungdomsskulen og vgs kl **20-24 fredag 6. desember.** Velkommen til kjekke aktivitetar, ungdomsband, andakt, kiosk og god stemning!



I tillegg til trusopplæringstiltaka arrangerer frivillige lag og organisasjonar mange gode og kjekke aktivitetar for born og unge med rom for å vekse i trua.

Velkomen på:

- **Spiren (3-7 år)**
Addis (8-13 år)
kl. 17.30-19.00 onsdag i partalsveker
- **Kveldsmøte** i møtesalen på Sygna vgs kl. **20 kvar torsdag**

Har du spørsmål eller innspel til noko av dette, eller du berre ynskjer ein prat, ta kontakt med kyrkjelydspedag og ungdomsdiakon Magni Åm Risa (466 97 476).

THE CHOSEN

Velkomen til filmkveldar på Bedehuset Betel, måndag 14.10 og 11.11 kl 19.30 – 21.30. Vi ser ein episode av bibelserien THE CHOSEN, som handlar om Jesus og menneska han møtte. Det vert enkel servering og samtale om kva vi har sett.

Arr: Balestrand Sokneråd og Bedehuset Betel

Sjå meir: www.thechosen.tv



For meir informasjon om ulike trusopplæringstiltak i kyrkjene våre, sjå www.sogndal.kyrkja.no/TOL. Du finn oss og på Facebook: Kyrkja i Sogndal og Trusopplæring – Kyrkja i Sogndal.

Trusopplæringstiltak i Fjærland, Kaupanger, Leikanger, Norum og Stedje sokn hausten 2024

Babysong for 0-åringar

Kaupanger bedehus og Stedjetunet har babysong annakvar onsdag, medan Leikanger kyrkjelydshus har babysong annakvar torsdag.

Oppstart frå 28.8. (Stedje), 29.8. (Leikanger) og 4.9. (Kaupanger). Resten av haustdatoane vert kunngjort på heimesida, i Kva skjer-appen og på Facebook-gruppa Babysang i Sogndal.



Småttrolltrall for 1-3-åringar

Me møtest kvar tredje torsdag frå 22.8, på Stedjetunet kl. 17.15 til 18.15 for song, regler, lek, kjeks og frukt. Ta gjerne med familien. Datoane kjem på heimesida og i Kva skjer-appen.



NYTT I HAUST: Krølleklubben for 4+ (førskulebarn).

Me møtest for song, bibelforteljing og kveldsmat på Stedjetunet kvar tredje torsdag kl. 17.15-18.30, med oppstart 5. september. Klubben er meldt inn i Søndagsskolen.



27.10 kl. 11.00 i Stedje kyrkje: Sprell Levande gudsteneste der 5-åringane blir særskilt inviterte er.

6-årsbok og arbeidshefte: Velkomen innom kyrkjekontoret, om du ikkje har fått boka di eller arbeidsheftet i 2024!



10 år: Kyrkjekino laurdag 9. november.
11-12 år: Lys vaken blir 9. – 10. november.

11-årsbøker: Har du enno ikkje fått «BIBELEN, ei vandring gjennom den store forteljinga», kan du hente på kyrkjekontoret.

Engleverkstad for 6-7-åringane:

Velg mellom desse:

- Stedjetunet onsdag 27.11. kl. 17.00-18.30
- Leikanger kyrkjelydshus tysdag 3.12. kl. 17.00-18.30
- NB: HUGS påmelding!



VIL DU SOM VAKSEN BIDRA MED NOKO I TRUSOPPLÆRINGA?



Konkrete ting du kan gjere:

- Bake bollar.
- Vere tilstades som ein trygg vaksen person.
- Leie samlingar eller grupper. Til dømes søndagsskule, samtalegruppe for tweens, konfirmantar eller eldre ungdommar.
- Komme med gode idèar på ting me kan gjere for barn og unge i kyrkjelydane våre.
- Bidra praktisk på babysong, småttrolltrall, engleverkstad, tårnagent, lys vaken eller anna.

Det er eit givande og fint arbeid, og me ynskjer at fleire kan få ta del i denne delen av å vere kyrkje i Guds rike.

Gje ein lyd til leiar i trusopplæringa, Birte Husum, om du har lyst til å vere med, eller har spørsmål når det gjeld trusopplæringa i Fjærland, Kaupanger, Norum, Leikanger eller Stedje sokn.

Tlf. 947 98 799 eller e-post: **BH278@kyrkja.no**

Kontakt

Er det noko du lurar på om trusopplæringstiltaka våre? Ta kontakt med trusopplærarane våre

Birte Husum (Stedje, Leikanger, Kaupanger, Norum og Fjærland)
947 98 799

BH278@kyrkja.no

For meir informasjon om ulike trusopplæringstiltak i kyrkjene våre, sjå www.sogndal.kyrkja.no/TOL. Du finn oss og på Facebook: Kyrkja i Sogndal og Trusopplæring – Kyrkja i Sogndal.

Støttespelarane våre:



www.lerum.no



Printfarm

TRYKK DU BLIR GLAD I.

post@printfarm.no www.printfarm.no



Fossetunet 1 | 6856 Sogndal
Tlf: 57 67 65 40 | skjeldestad@kontorspar.no
www.kontorspar.no

alliance*
—
OPTIKK

Sogn Synssenter

Eit variert utval i alle prisklassar av innfatningar, brilleglas, kontaktlinser solbriller, kikkertar og luper.

Tlf: 57 67 50 50

Lokale til leige



Stedjetunet har lokale til leige til minnesamvær, dåpsselskap, konfirmasjon, bryllup og andre tilstelningar.

For informasjon om prisar, sjå www.stedjetunet.no



**ADVOKATFIRMAET
TOLLEFSEN**

Parkveien 5, 6856 SOGNDAL • Tlf. 57 62 88 50 • e-post: post@advokat-tollefsen



Optiker

Kjell M. Talleraas

6856 Sogndal • tlf. 57 67 11 10 • optikaren.no

**HOLLEKVE SAG
TRE- OG STÅLBYGG**

Telefon 90 11 67 83



OFFENTLEG GODKJENT
REINGJERINGSFIRMA
www.ncomsogn.no



Byggmester

Ingmar Stenehjøm

mob. 90 58 10 21 • tlf. 57 67 29 52
www.stenehjømbygg.no

AMFI
SOGNINGEN



AMFI Mykje å gle seg til. Alltid.



NORDBOHUS SOGN
www.nordbohus.no/sogn



HOLEN INSTALLASJON AS

SOGNDAL • GAUPNE • LEIKANGER • VIK
www.holen-installasjon.no • Tlf. 57 67 75 00 • post@holen-installasjon.no



Sogn Kontorsenter as vert:

LINDBAK
SOGN OG FJORDANE

Telefon 57 67 66 99



solberg
el-service

Støttespelarane våre:

Sogn
gravferdshjelp

GRAVSTEIN

Me kan hjelpe med skriftfornyng, oppretting og rens av gravsteinar, på alle gravplassar i Indre Sogn.

57 68 14 77 • www.sogngravferdshjelp.no • post@sogngravferdshjelp.no

**EILERT & EDVIN
HOLME AS**



Telefon: 57 67 18 85

Opplæring klasse
A1-A-B-BE-T-M146

Trafikalt grunnkurs

E-post:
post@hofslundsen-trafikkskule.no



**ALT INNAN TØMRAR
OG BETONGARBEID**
KONTAKT OSS FOR TILBOD!



VestlandsHus
VestlandsHus Sogn AS • Tlf 57 67 33 88

KVAMME*REKNESKAP AS

Autorisert rekneskapsførarselskap
FJÆRLAND (57 69 12 03) – SOGNDAL (57 67 22 02)
laura@laurakv.no – 913 63 327

RØYRLEGGJAR



ingmar fimreite as
6856 Sogndal Tlf. 57 67 45 21 • mob. 905 00 331
www.fimreite.as

FS Anlegg as
www.fsanlegg.no

THARASO AS



**SOGN
KJØLESERVICE**
57 67 11 11 sognkulde.no



dyreklinikken
- i Sogndal AS

Man: 18.00 – 20.00
Tys og ons: 08.00 – 11.00
Tor og fre: 09.00 – 12.00
Tlf: 57 67 55 55 / 976 75 555

Ledig annonseplass!

**KIWI mini
pris**

KIWI Hermannsverk
08-22 (20)

TRENG DU
NOKON Å FORTELJE
DET TIL?

KIRKENS
SOS

22 40 00 40

Ætti i glede og sorg



Sjå sogndal.kyrkja.no for påmelding til dåp eller ta kontakt med kyrkjekontoret om moglege datoar for dåp og vigsel. Telefon 57 67 99 85

DØYPTE

BALESTRAND – TJUGUM KYRKJE

19.05.2024 Elias Hoel Haugen

BALESTRAND – KVAMSØY KYRKJE

28.07.2024 Olav Kvamme Jarem (frå Greåker)

28.07.2024 Odin Lygre Gillow (frå Høyanger)

ØLMHEIM KYRKJE

25.08.2024 Sander Slinde (frå Hafslo)

25.08.2024 Elida Øvretun

25.08.2024 Eivind Øvretun

LEIKANGER KYRKJE

12.05.2024 Olai Hopperstad Aall

12.05.2024 Hanna Solheim

14.05.2024 Axel Frimandslund Vikesland

28.07.2024 Olav Njøs Røssland

28.07.2024 Henrik Dale Skjerven (frå Kaupanger sokn)

28.07.2024 Ørjan Gram Gjerløw

18.08.2024 Gustav Hjeltnes Røysum

KAUPANGER STAVKYRKJE

26.05.2024 Morten Bjørge

26.05.2024 Viljar Dybvik Veum

26.05.2024 Maja Husabø Vadheim

09.06.2024 Tarjei Eikevik Danbolt

24.08.2024 Haakon Nilsen Reppen (frå Østerås)

STEDJE KYRKJE

12.05.2024 Steinulf Grønhaug Råsberg

19.05.2024 Viktor Martinsen Sundsøy

09.06.2024 Audun Hanitz Grytten (i Hafslo kyrkje)

09.06.2024 Alida Hanitz Grytten (i Hafslo kyrkje)

16.06.2024 Jonas Berg Haugen (friluft)

23.06.2024 Gaute Kveane (frå Kaupanger sokn)

23.06.2024 Kasper Nilsen Fylling

23.06.2024 Ellinor Søyseth Veum

07.07.2024 Oda Bøthun Navarsete

07.07.2024 Alma Vold Fjellheim

01.09.2024 Amanda Fuhr Lerum (i Dale kyrkje)

VIGDE

BALESTRAND – KVIKNEHAGEN

08.06.2024 Arild Tistel og Ingeborg Flaten

FJÆRLAND KYRKJE

22.06.2024 David Haugen og Marit Sveen

29.06.2024 Kenneth Furesund og Vigdis Fodnes

KAUPANGER STAVKYRKJE

20.07.2024 Morten Kringstad Olsen og Emilie Risnes Øyre

24.08.2024 Benjamin Thuen og Elise Moldskred

24.08.2024 Eirik Andreas Albretsen og Sara-Estelle
Barbara Gößwein

24.08.2024 Joachim Østlund Nilsen og Kaia Reppen
Solberg

NORUM - ØLMHEIM KYRKJE

22.06.2024 Anders Øyre og Hege Anita Vereide Øyre
(forbønshandling for inngått ekteskap)

STEDJE KYRKJE

08.06.2024 Thomas Glenne Ellingsen og Marie Raae Stedje

15.06.2024 Daniel Valen Grytten og Miriam Svendsen

15.06.2024 Lars Arne Bakke og Ragnhild Pettersen

13.07.2024 Gunnar Vestøl og Ragnhild Fimreite Kleiven

02.08.2024 Roger Tuftene og Marta Hatlevoll

27.08.2024 Tobias Hjulstad og Vilde Thue

31.08.2024 Kåre Kristian Aaberge og Anne Marthe Kvale



GRAVLAGDE

BALESTRAND - TJUGUM

04.06.2024	Arvid Georg Bale	f.1940
21.06.2024	Svein Steinly Atle Wathne	f.1945
14.08.2024	Oddbjørg Tjugum	f.1928

FJÆRLAND

27.08.2024	Solveig Mundal (frå Balestrand)	f.1940
------------	---------------------------------	--------

KAUPANGER

24.01.2024	Knut-Kai Berget (Bisetjing)*	f.1944
* Bisetjing i Mandal kapell, urna sett ned på Kaupanger kyrkjegard 15.07.2024		

LEIKANGER

20.06.2024	Astrid Asperanden*	f.1928
25.06.2024	Hilde Ruud*	f.1972
27.06.2024	Marit Bøtun	f.1947
16.08.2024	Jorunn Johanne Holter	f.1945
22.08.2024	Odd Njøs	f.1931

29.08.2024	Erling Olsen	f.1941
30.08.2024	Håkon Per Drage (Bisetjing)	f.1939
* Kista sett ned på Husabø gravplass		

NORUM - ØLMHEIM

16.07.2024	Kjell Ove Haukås-Eide	f.1967
------------	-----------------------	--------

STEDJE

20.06.2024	Horst Aribert Günther (Bisetjing)	f.1940
21.06.2024	Odd Håvik	f.1925
02.07.2024	Gunnar Gullteig	f.1961
12.07.2024	Ragnar Takvam* (Bisetjing)	f.1924
23.07.2024	Martha Buene Wilkensen	f.1954
02.08.2024	Kjell Ingvar Bøyum	f.1938
22.08.2024	Ove Dyrdal	f.1954
29.08.2024	Else Karin Fimreite (Bisetjing)	f.1947
30.08.2024	Rolf Bale (frå Balestrand)	f.1944
* Bisetjing i Dale kyrkje, urna sett ned på Stedje kyrkjegard 05.08.2024		

Velkommen til gudsteneste

MERK: I samband med bygging av nytt gravplassbygg og kyrkjestove på Kaupanger, vert Kaupanger stavkyrkje stengd fram til våren 2025. Gudstenester som høyrer til Kaupanger sokn, vil vere i andre lokale i denne perioden.

Med atterhald om endringar. Følg med på nettsidene våre sogndal.kyrkja.no, på sosiale medium (Kyrkja i Sogndal) eller i Sogn avis for meir informasjon om kvar einskild gudsteneste.

OKTOBER

6. OKTOBER

Stedje kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
Tjugum kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

13. OKTOBER

Leikanger kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
Kaupanger bedehus kl. 19.30: Kveldsgudsteneste

20. OKTOBER

Fjærland kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
Tjugum kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
Stedje kyrkje kl. 19.30: Gospelgudsteneste

27. OKTOBER

Stedje kyrkje kl. 11.00: Sprell Levande-gudsteneste
Sæle kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
Kaupanger bedehus kl. 11.00: Gudsteneste
Leikanger kl. 17.00: Gudsteneste

NOVEMBER

3. NOVEMBER – HELGEMESSE

Tjugum kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
Kaupanger bedehus kl. 11.00: Gudsteneste
Ølmheim kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
Stedje kyrkje kl. 18.00: Gudsteneste
Leikanger kyrkje kl. 19.00: Gudsteneste

10. NOVEMBER

Stedje kyrkje kl. 11.00: Lys Vaken-gudsteneste
Fjærland kyrkje kl. 15.00: Gudsteneste med markering av
Diakoniens Dag

17. NOVEMBER

Tjugum kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
Kaupanger bedehus kl. 11.00: Gudsteneste med markering av
Diakoniens Dag
Leikanger kl. 11.00: Gudsteneste

24. NOVEMBER

Stedje kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
Sæle kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste

DESEMBER

1. DESEMBER

Fjærland kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
Tjugum kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
Stedje kyrkje kl. 19.30: Lysmesse

8. DESEMBER

Stedje kyrkje kl. 11.00: Gudsteneste
Ølmheim kyrkje kl. 16.00: Lysmesse
Leikanger kyrkje kl. 19.00: Lysmesse
Skogly, Kaupanger kl. 19.30: Lysmesse

12. DESEMBER

Ølmheim kyrkje kl. 18.00: Julekonsert med lokale kor
og korps

15. DESEMBER

Fjærland kyrkje kl. 15.00: Julekonsert med lokale kor og korps
Tjugum kyrkje kl. 17.00: Julekonsert med lokale kor og korps

18. DESEMBER

Leikanger kyrkje kl. 18.00: Julekonsert med lokale kor
og korps

22. DESEMBER

Fjordtun oppvekstsenter kl. 11.00: Gudsteneste
Stedje kyrkje kl. 16.00: Vi syng jula inn

